



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	24.januar 2024 kl. 1000 - 1300
Møtestad:	Voss sjukehus
Møteleiar:	Birger Lærum (nestleiar i utvalet)
Til stades:	Kjersti Nordanger (Voss herad) Birger Lærum (Helse Bergen, Voss sjukehus), Gro Oma Fanebust (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Anne Kari Gjeraker (Bjørkeli DPS) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Torstein Hellesnes (Ulvik herad), Terje Langeland (Kvam herad), Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Eystein Hauge (kommuneoverlege) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund) Trude Hjortland (SSE føretakrepresentant) Reidun Braut Kjosås (SSE kommunerepresentant)
Fråfall:	Maria Vollsæter (Helse Bergen), Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Everline Mjømen (brukarrepresentant vara – føretaket) Line Lie (Fagforbundet),
Referent:	Reidun Braut Kjosås

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
01/24	Godkjenning av innkalling og saksliste Det var ingen merknader til innkalling og saksliste	V
02/24	Godkjenning av referat frå 6. november 2023 Merknader til referatet: Det kom spørsmål om kva som var endeleg konklusjon på oppfølging av lokalsjukehuskonferansen (sak 45/23)? Leiar for OU Voss og SSE representanten kallar inn til møte med ei arbeidsgruppe for lokalsjukehuskonferansen. Arbeidsgruppa skal vera sett saman av ein representant frå	V

	<p>kvart av dei fire underutvala (Rehabilitering, Rus og psykisk helse, Pleie og omsorg samt Barn og unge) og to representantar frå Voss sjukehuset. I alt 6 deltakarar. Det vert ikkje lokalsjukehuskonferanse i 2024, men fyrst våren 2025.</p>	
03/24	<p>Orientering frå SSU Kjersti Nordanger orienterte om saka.</p> <p>Innspel og merknader til saka</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sak 41/23 Samarbeid med utdanningssektoren. OU Voss er positive til at det blir arbeidd med å få til kommunal deltaking i Regionalt samarbeidsforum. - Sak 43/23 om kommande Partnerskapsmøte. Det vart minna om fristen for påmelding til partnerskapsmøtet (31.jan). - Sak 42/23 Strategiarbeidet <p>Vedlagt sakslista til møtet i var siste versjon av utkast til strategi. Etter utsending av sakspapirer er strategien skrive på nynorsk. Dette vart opplyst om i møtet. Oppdatert nynorsk versjon av strategien ligg ved referatet.</p> <ul style="list-style-type: none"> o OU Voss liker at det er ein positiv inngang til det prioriterte området «Rekruttering og bemanning». o Det kom innspel om å vera endå tydelager under punktet om bemanning; «<i>Det innebærer at vi må vurdere oppgavedeling og overføring av oppgaver mellom faggrupper</i>». Dette kunne vore sterkare formulert. o Kommunane vart oppmoda om å forankra og gjera arbeidet med strategien mest mogleg kjent. Ein opplever at rådmenn og ordførarar er godt kjent med strategiarbeidet. <p>Vidare framdrift i arbeidet med felles strategi er at Partnerskapsmøtet 2024 stiller seg bak endeleg strategi, og at den vert sendt til politisk forankring i kommunane etterpå.</p>	O
04/24	<p>Referat frå underutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rehabilitering, møte 06.12.2023 <ul style="list-style-type: none"> o Fysioterapeutar og ergoterapeutar må framleis senda dialogmeldingar på epikriseformatet. Dette blir jobba med. Helse Bergen er først i køen i Helse Vest når ny løysing skal bli iverksett. - Pleie og omsorg, møte 11.12.2023 og møte 09.01.2024 <ul style="list-style-type: none"> o Ein merknad: I referatet frå 11.12.23 sak 29/23 står Svein Ivar Fylkesnes oppført som brukarrepresentant. Han er representant for sjukeheimslegar. - UFAB, møte 07.12.2023 <ul style="list-style-type: none"> o Felles UFAB blir ikkje vidareført. Dersom det er behov for å drøfta felles saker vert det kalla inn til møte. - Rus og psykisk helse, møte 07.12.2023 <ul style="list-style-type: none"> o OU ønskjer at det i referata kjem fram kvar deltakarane har tilhøyre (kommune, sjukehus mv). 	O
05/24	<p>Akutte vurderingar i psykisk helse</p> <p>Eystein orienterte om bakgrunnen for saka. Kort oppsummert: Det er ei utfordring at det ikkje finst eit godt tilbod til pasientar som ikkje er sjuke nok til å bli lagt inn med tvang, men likevel så sjuke at dei treng tilsyn. Desse pasientane treng tilsyn. Ikkje tilsyn over helga men i dag. Dei kan heller ikkje venta på ein hastepoliklinisk time.</p>	D

	<p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er bakvakt på PAM som også er tilgjengelege for legevakt. - Det er akuttmoglegheiter på Bjørkeli fyste virkedag. Bjørkeli har akuttfunksjon på kvardagar i tidsrommet 08-17. - For framtida er det planlagt ein vurderingseinheit ved Årstadhuset (2026-2027). Når dette er på plass vil ein ha større moglegheiter for denne typen tenester. - Det er avgjerande at legevakslegane har kompetanse på dette feltet og at dei har kunnskap om kva tenestetilbod som finst. Trygging av legevakslege er viktig. - DPS'a tar også imot pasientar på laurdagar frå PAM. Frå 2017 skal også ØHD-sengene kunne nyttast til denne pasientgruppa. - Oppfølging og vurdering akuttpsykiatri vert ikkje opplevd reell sett frå legevakslegane. Om ein samanliknar med somatikk og ØH så må noko endra seg. Vurderingskompetansen bør og styrkast. - I dei nye planane (Psykisk helsevern for framtida) ligg det inne at ein skal ha ein funksjon med akuttpsyk. vurdering 24/7. - Det er forståing for at en slik funksjon kan måtte sentraliserast, då denne type problemstillingar ikkje er kvardagsproblematikk. Det er og forståing for at det er utfordrande å umiddelbart auke opp tenestetilbodet eller ei bavaktordning <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ber om å bli haldt orientert om utviklinga av denne tenesta i ny infrastruktur (Årstadhuset) omkring problemstillinga som er reist i denne saken.</p>	
06/24	<p>Kombinasjonsstillingar mellom sjukehus og kommunar – framskutt kompetanse i heimetenesta</p> <p>Leiar for underutvalet Tove Iren Vedå orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Me har pasientane saman. Kombistillingar vil vera med å bygga ein felles kultur. - Kombinasjonsstillingar mellom sjukehus og kommunar kan vera aktuell problemstilling og sjå nærmare på for fleire underutval og fleire profesjonsgrupper. - Det er positiv stemning til å utforska denne problemstillinga nærmare og ein ønskjer gjerne å prøva det ut og få det til. - Det er utfordringar knytt til korleis ein skal gjera det. Korleis kan ein gjera det praktisk med to arbeidsgjevarar. <ul style="list-style-type: none"> o Kva er lovar og reglar? Kva finst av moglegheiter. Det kan vera komplisert å ha to arbeidsplassar (forsikring, pensjon, HMS, journaltilgang mv) - Er det gjort liknande andre stader i landet? <ul style="list-style-type: none"> o Det vert mellom anna vist til Innlandet og eit døme med lungesjukepleiarar. Erfaringar frå andre bør sjekkast nærmare. o Er det erfaringar å henta frå arbeidet med FACT-team? - Me må sikra rekruttering. Kva er attraktivt for dei tilsette? Fagleg attraktive stillingar – noko nytt? - Bekymring for lekkasje av personell frå kommunane til sjukehuset - Samhandlingsmidlar kan kanskje og bidra til å setja i gang ein pilot? Ein bør sjekka ut om det er tilskotsmidlar å søkja på. 	D/V

	<ul style="list-style-type: none"> - Viktig å tenka på samansettinga av kombistillingar. Ein stor og ein liten stilling kan vera vanskeleg å få til i praksis. Meir likskap mellom stillingsstorleik er kanskje gunstigare. - Viktig å følgja fag og pasient - Etablering av team samansett av både kommune og sjukehus tilsette kunne vore spennande å utforska nærmare. <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde ønskjer å utforske kombinasjonsstillingar (sjukepleiarar og helsefagarbeidarar) i primær- og spesialisthelsetenesta i Voss lokalsjukehusområde. For å koma vidare i arbeidet vil ein jobbe vidare med:</p> <table border="1" data-bbox="316 611 1139 1003"> <thead> <tr> <th>Oppgåve</th> <th>Ansvar</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fortsetje med å utforska oppdraget samt kartleggja behovet for hospitering</td> <td>Underutval for pleie og omsorg</td> </tr> <tr> <td>Kva lover, reglar og moglegheiter finst om ein har to arbeidsgjevarar?</td> <td>OU representantar frå føretaket sjekkar med HR i føretaket. Voss herad høyrer med KS på vegne av kommunane.</td> </tr> <tr> <td>Innspel og uttale frå fagorganisasjonane knytt til denne tematikken</td> <td>NSF og Fagforbundet</td> </tr> </tbody> </table> <p>Det vil vera aktuelt med ei ny sak når punkta over er sjekka nærmare.</p>	Oppgåve	Ansvar	Fortsetje med å utforska oppdraget samt kartleggja behovet for hospitering	Underutval for pleie og omsorg	Kva lover, reglar og moglegheiter finst om ein har to arbeidsgjevarar?	OU representantar frå føretaket sjekkar med HR i føretaket. Voss herad høyrer med KS på vegne av kommunane.	Innspel og uttale frå fagorganisasjonane knytt til denne tematikken	NSF og Fagforbundet	
Oppgåve	Ansvar									
Fortsetje med å utforska oppdraget samt kartleggja behovet for hospitering	Underutval for pleie og omsorg									
Kva lover, reglar og moglegheiter finst om ein har to arbeidsgjevarar?	OU representantar frå føretaket sjekkar med HR i føretaket. Voss herad høyrer med KS på vegne av kommunane.									
Innspel og uttale frå fagorganisasjonane knytt til denne tematikken	NSF og Fagforbundet									
07/24	<p>Årsmelding 2023, rekneskap for 2023 og budsjett for 2024</p> <p>Innspel til årsmeldinga 2023</p> <ul style="list-style-type: none"> - Endring i tittel på to kommunale representantar: <ul style="list-style-type: none"> o Vaksdal (helse og meistring Vaksdal) o Ulvik (Helse og velferd Ulvik) - Det kom opp spørsmål om vararepresentasjon. Det var usikkerheit om korleis dette blir gjort. Kommunane avklarar dette og kjem tilbake til OU med ei orientering i neste OU møte. - Oppdatert årsmelding ligg ved referatet - Rekneskap 2023 <ul style="list-style-type: none"> o Ingen merknader - Forslag til Budsjett 2024 <ul style="list-style-type: none"> o Kontingent kan sikra aktivitet o Det er uklart om det kjem samhandlingsmidlar gjennom ny nasjonal helse og samhandlingsplan. Eventuell storleik på desse midlane er og uklart. OU Voss ønskjer inntil vidare å halda på ordninga som me har. o Semje om å ta ut budsjettposten om lokalsjukehuskonferansen og flytte denne til posten «kurs og konferansar». Dette fordi det ikkje vert lokalsjukehuskonferanse i 2024. <p>Vedtak</p> <ul style="list-style-type: none"> - Årsmeldinga vart godkjent med dei endringane som kom fram i møtet (tittel på kommunale representantar) - Rekneskap for 2023 vart godkjent utan merknader 	V								

	<ul style="list-style-type: none"> - Budsjett for 2024 vart godkjent med følgjande merknader: <ul style="list-style-type: none"> o Semje om å ta kontingent for 2024 o Budsjettposten om lokalsjukehuskonferansen vert flytta til posten «kurs og konferanser» 	
08/24	<p>Orientering frå partane (inkl. økonomi og endringa med betydning for drift)</p> <p>Ulvik</p> <ul style="list-style-type: none"> - har fått vedteke eit realistisk budsjett - Har fått tilsett i fleire nøkkelstillingar. Føler at me er meir i balanse. <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har fått vedteke eit realistisk budsjett, men skal også i gang med eit innsparingsprogram. - Er i gang med matvertprosjekt på to institusjonar. Dette er eit ledd i arbeidet med oppgåvefordeling. - Har fått ny kommuneoverlege, Gudmund Øvsthus. Han er 60% kommuneoverlege og 40% fastlege - Har utfordringar med rekruttering av fastlegar <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vedteke budsjett med noko auka ramme til Helse og omsorg (knytt til arbeidet med heiltidskultur) - Har fått helsesjukepleiar i full stilling - Barnekoordinator er på plass - Psykiatrisk sjukepleiar er lyst ut - Stabil legevikar - Prøver å rigga ein meir stabil og stødig organisasjon <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helsehuset vert ferdigstilt i juni. Innflyttingsdato for pasientane vert over sommaren. - Setter stor pris på interkommunalt samarbeid knytt til friskliv og meistring samt ernæring. <p>Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sidan sist er det bygd opp eit helsetilbod til ukrainske flyktingar (på bakgrunn av akutt plasseringstiltak med 330 plasser). Dette helsetilbodet er plassert vegg i vegg med sjukehuset og er bemanna med fastlege og helsesjukepleiar. - Voss herad har tidlegare gjort politisk vedtak om fastlege kontor i Granvin. Heradsstyret har no landa på etablering av ein helsestasjon for eldre i Granvin etter modell for helsestasjon for ungdom (sjukepleiar to dagar i veka. Lege ein gong per veke). - Kommunen lyser nå ut stilling vernepleiar/sjukepleiar der det er lagt inn kr 100 000 i signeringstillegg. Det har vore stor interesse. Eit spørsmål som ofte går igjen er om ein kan få langvakter og/eller medlever turnus. Aktuelle søkjarar ønskjer å jobba intensivt i periodar og deretter ha langfri. - Kommunen manglar fagfolk, særleg legar og sjukepleiarar. Me har og store utgifter til innleige. - Deltek i eit læringsnettverk der me skal laga ein pårørandestrategi. Det er i denne samanheng gjennomført kvalitativ intervju med 10 mottakarar og pårørande som får heimetenester. Undersøkinga viser gode resultat. Brukarane opplever at dei får veldig gode tenester. 	O

	<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeider med Aiden om utvikling av nytt journalsystem. <p>NKS Bjørkeli DPS</p> <ul style="list-style-type: none"> - ny direktør var på plass 1.jan. Han kjem til å delta i OU møta framover - Bjørkeli får mange henvisingar - Har ikkje hatt problem med rekruttering men opplever no at dette er i endring og at det er vanskeleg å rekruttera sjukepleiarar. - To nye psykologspesialistar er nyleg tilsett. <p>Helse Bergen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Krevjande økonomi. Fokus er på drift - Koordinerande eining er lagt til seksjon samhandling - Grete Lill (Samhandlingssjef) og Randi Luise (vise adm. direktør) ønskjer å koma ut i kommunane 15. og 16.mai. I møte med kommunane er det ønskje om å høyra om organisering av tenestene, kva utfordringar ein står i og gode historier om kva ein får til. Helse Bergen tek vidare kontakt om dette med den enkelte kommune. <p>Voss sjukehus</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stram økonomi. Krevjande å nå aktivitetsmåla. - Det pågår prosess med tilsetting av ny direktør ved Voss sjukehus. Reknar med å ha ny direktør på plass innan påske. 	
09/24	<p>IBS – mage tarm skolen</p> <p>Ingbjørg Brattland og Pål Frønsdal frå Nasjonal kompetansetjeneste for funksjonelle mage-tarmsjukdommar orienterer om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Det kom spørsmål om gjennomføring av kurs på ettermiddag og kveld. Det digitale kurset kan gjennomførast når brukaren sjølv ønskjer (innanfor ein periode på 6 mnd). Eventuelle spørsmål frå brukar til fagpersonell vil bli besvart på dagtid. Før ein kan gå i gang med kurset må kursdeltakarane delta på eit digitalt oppstartsmøte (1 time ein føremiddag).</p> <p>Meir informasjon finn ein på nettsida: https://www.helse-bergen.no/behandlinger/irritabel-tarm-syndrom-ibs/#tilvisingsrutinar-for-helsepersonell</p> <p>Det er ønskje om at kommunane formidlar denne informasjonen ut i sine tenester.</p>	O
10/24	<p>Oppdatering av felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling, somatikk</p> <p>SSe innleia omkring saka</p> <p>Vedtak</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde støtter forslag til tilnærming i arbeidet med å oppdatere felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling knytt til Tenesteavtale 3 og 5, somatikk.</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde melder inn Kjersti Hanssen frå Kvam herad til å vera kommunal representant til den hurtigarbeidande arbeidsgruppa.</p>	V
11/24	<p>Avvik og læring mellom spesialisthelsetenesta og kommunane</p> <p>Grete Lill orienterte om saka</p>	D/ V

	<p>Frå drøftinga</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunane er positiv til denne invitasjonen, - Det kom spørsmål om kven som bør delta frå kommunane. Helse Bergen har erfaring frå tilsvarande møter med Bergen kommune. Der er det leiar for forvaltninga som deltek. I OU Bergensregionen var det semje om å sende invitasjonen til kommunalsjefane så vurderer dei kven som møter frå kommunen. - Voss sjukehus ønskjer og å delta i dette foraet. <p>Vedtak OU Voss ønskjer å prøve ut ein digital samhandlingsarena på tvers av kommunar og sjukehus der samhandlingsavvik og samhandling er tema. Helse Bergen tek initiativ til å kalla inn til møte.</p>	
12/24	<p>Pakkeforløp Kreft heim Grete Lill orienterer om saka</p> <p>Vedtak Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde vedtek vedlagt skisse og tilhøyrande dokument for Pakkeforløp hjem kreft</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forløpsbeskrivelse - Flytskjema - Termometer 	V
13/24	<p>Eventuelt Status påmeldte til partnerskapsmøtet vert gjennomgått</p> <p>Det vart spelt inn forslag om ei sak om langvaktert til neste møte. SSE avklarar nærmare med kommunalsjefane omkring dette.</p>	

Neste møte: fredag 26.april